

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.02.2015

### **Handsaming i møtet**

#### Kurs i habilitet i sakshandsaminga

Kontrollutvalet deltok før møtet på eit 2-timars kurs i «Habilitet i sakshandsaminga» i regi av Deloitte. Andre frå fylkesadministrasjonen deltok også på same kurset.

#### Faktura frå Deloitte på ekstra arbeid

Kontrollutvalet godtar **faktura** på 48 ekstra timer frå Deloitte i samband med forvaltningsrevisjon av prosjektstyring.

#### Presentasjon av revisjonsrapportar i fylkestinget

Desse revisjonsrapportane er meld opp til handsaming i fylkestinget 10. – 11.3.15

- Forvaltningsrevision «Internkontroll og HMT»
- Forvaltningsrevision «Prosjektstyring»
- Selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS
- Selskapskontroll av Hardangerbrua AS

Kontrollutvalet ber om at Deloitte får presentere forvaltningsrevisjonsrapportane «Internkontroll og HMT» og «Prosjektstyring» i fylkestinget i mars 2015 og at det vert sett av inntil 15 minuttar pr. rapport. Kontrollutvalet ber vidare om at alle dei 4 revisjonsrapportane vert sett opp på saklista i starten av møtet første dag.

Det er ønskjeleg at Deloitte i sine presentasjonar fokuserer på forslag til tiltak og endringar.

#### Evaluering av folkevaldopplæring for kontrollutvalet denne perioden

Medlemmar frå kontrollutvala i Sogn & Fjordane og Møre og Romsdal føreslår ei felles evaluering av folkevaldopplæring for kontrollutvala på Vestlandet i tilknyting til eit kontrollutvalsmtøte 23.6. 2015 i Flåm. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har planar om å gjennomføre ei eigen evaluering i møte 17.6.15 av arbeidet i utvalet denne perioden, men stiller seg ikkje avvisande til å delta på ei ev. felles evaluering av folkevaldopplæringa i Flåm.

#### Førespurnad om forvaltningsrevision av NDLA

Sekretariatet mottok like før møtet i kontrollutvalet 16.2.15 førespurnad frå styret i Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA) om å få gjennomført ein forvaltningsrevisjon av NDLA.

På bakgrunn av førespurnaden vart det oppretta ny sak PS 13/15 i dette møtet.